



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/879 -

DATO: 16.03.2016

NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØRINGSFRÅSEGN TIL LANGEDALSELVA KRAFTVERK - SAKSNUMMER 201104519

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Langedalselva kraftverk i Gloppen.

Utbygginga det er søkt om ligg utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka. Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmaende i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

Langedalen er eit viktig turområde i landskapsvernområdet. Området er inntaket er planlagt, er ein viktig innfallspport til både korte og lange turar i landskapsvernområdet. Verneområdeforvaltninga har lagt ned ein del ressursar i tilrettelegging i Langedalen.

I søknaden er det lagt opp til inntak i Langedalselva om lag 200 m nedstraums Langedalsvatnet, der grensa til landskapsvernområdet går. Elva er lite synleg frå vegen, stiane og parkeringsplassen som turfolk normalt brukar her. Frå inntaket og nedover er elvestrekninga heller ikkje særleg synleg frå landskapsvernområdet. Det står og i søknaden at det skal byggast eit lågt inntak med basseng, for å redusere inntrykket av inntaket.

Utbygginga vil nytte ein mindre del av vassføringa. Elvestrekninga med noko redusert vassføring er ikkje særleg synleg verken frå landskapsvernområdet eller frå innfallsportane til verneområdet.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre kan ikkje sjå at den utbygginga det her er søkt om vil få negative verknader for landskapsvernområdet. Styret vil likevel på generelt grunnlag oppmode om at alle andre inngrep og anlegg vert gjort so lite synlege i terrenget som muleg.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur